

På eventyr i havørna sitt rike

Kring 50 reiselivstoppar frå Hordaland vitja Sotra og Øygarden denne veka. Innspela gjev grunnlag for konkrete prosjekt som Kysteventyret vil arbeide vidare med.

Kysteventyret fekk stor merksemd under Møteplass Reiseliv Hordaland 2012 denne veka. Representantar frå reiselivsnæringa fekk mellom anna oppleve Havørnsafari i Telavåg. Meir profesjonalisert verksemd var gjen-gangaren i tilbakemeldingane.

På bakgrunn av innspela frå bransjen kan det mellom anna bli aktuelt å inngå eit målretta samarbeid med Askøy om å arrangere tematurar for fuglesjåarar frå Storbritannia, fortel prosjektleiar Line Steinsland Mosnes i Kysteventyret. Fleire krefter jobbar med å få att «Englandsbåten», eit avgjerande moment for å lukkast med satsinga.

- Vi fekk svært mykje ut av denne konferansen, ikkje minst når det gjeld marknadsføring av destinasjonen Kysteventyret, seier Steinsland Mosnes.

Meir business på kystkultur

- Kystkultur og matkultur må vi utnytte betre i reiselivssamanheng, og vi må leggje betre til rette for bruk av natur og kultur i næringa, sa Statssekretær i Nærings- og handelsdepartementet Halvard Ingebrigtsen (AP), som presenterte Regjeringa sin nye reiselivsstrategi. Samarbeid står sentralt. Regjeringa ønskjer å samle destinasjonsselskapa under nokre få landsdelsselskap, og

Frå notbu til næring

Marta og Roald Hvidsten har skapt kulturbasert næring i eit nothus i Nordhordland. Sist veke delte dei sine erfaringar med 20 nautseigarar og andre i prosjektet «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Prosjektet tek sikte på å realisere 20 pilotar. Sund er ein av fire kommunar som deltek. Gode Sirklar er ansvarleg for prosjektet. Deltakarane fekk høyre arkitekten Marina Bauer frå Opaform, som presenterte gode idear til utforming av nausta og landskapet rundt. Kåre Spissøy frå Bømlo delte sine tankar om korleis han vil bruka naustet ved å tenkje heilskap og samarbeid og nytte natur/kultur for å få til verdiskaping.

Her blir det business



Foto: Inger Elise J. Økland.

Butikk, catering og turistverksemd. Moglegheitene er store på Gjerdet og allereie frå hausten kan drifta vere i gang, trur Kultursjefen i Fjell.

Arbeidet med å etablere eit samvirke på Gjerdet kulturminnegard er i gang etter at Fjell kommunestyre vedtok Gode Sirklar si tilråding til driftsmo-dell. Kultursjef Lennart Fjell håpar at det frå hausten kan vere forretningsmessig drift på Gjerdet.



Foto: Inger Elise J. Økland.

opprette fleire intencivordningar. Det betyr ikkje at ein vil redusere talet på stader å satse på, la Ingebrigtsen til.

- Innovasjonsgraden i næringa er for låg, vi vil ha fleire pilotprosjekt, heldt han fram. Meir solide bedrifter med fleire heilårs-arbeidsplassar, særleg i distrikta, vart understreka. Fleire unike opplevingar av høg kvalitet for å trekkje til seg turistar med høg betalingsevne er målet til Regjeringa.

- Nøkkelen ligg i cruisenæringa og her har Bergensregionen eit godt utgangspunkt, meiner Ingebrigtsen.

- Gode nyheiter for Kysteventyret

Trass i at næringa skal gjennom ei stor omlegging dei neste fem åra er Steinsland Mosnes svært optimistisk på Kysteventyret sine vegner. I mai skal det leggjast fram ein forretningsplan for styret i Gode Sirklar, for etablering av eit destinasjonsselskap.

- Dette er god timing for Kysteventyret fordi vi ikkje er ferdig organisert som selskap. Vi vil møte strenge krav til økonomi og berekraft, men vi har skapt eit godt grunnlag for å møte både krava og konkurransen, meiner Steinsland Mosnes.

Kartlegg behova i næringslivet

Kva for rekrutteringsbehov har bedriftene i Fjell, Sund og Øygarden? Det skal kartleggjast gjennom ei undersøking som vil bli sendt ut til næringslivet i desse dagar. Undersøkinga vert gjennomført i samarbeid med Vest Næringsråd og er ein del av eit rekrutteringsprosjekt som vert leia av Gode Sirklar. Prosjektet kan bli ein pilot for ei stor satsing i heile bergensregionen. Rekrutteringstiltak står sentralt i Business Region Bergen sin strategiske næringsplan for bergensregionen, og eit samarbeid er derfor naturleg. - Business Region Bergen planlegg no ein omfattande kampanje som skal synleggjere heile regionen som ein attraktiv, spennande og god region å arbeide og bu i. Kampanjen vil gå over tre år. Målgruppa er menneske med den kompetansen næringslivet jaktar. Når Gode Sirklar no går i gang med eit rekrutteringsprosjekt kan det passe godt inn i en felles offensiv frå regionen, seier kommunikasjonssjef Tone Hartvedt i BRB.

- Vi veit at det er fleire aktørar som ønskjer å vere med i eit samvirke. Det er ein god modell som ikkje krev for mykje økonomisk. Dette er ein moglegheit for dei som i dag driv kultur-næring på hobbybasis, og som vil gå eit steg vidare. Vi treng ein slik stad, seier Kultursjefen.

Medlemene i samvirket slepp husleige dei tre første åra. Ein ønskjer å knytte til seg aktørar innan reiseliv, mat- og handverk og andre som vil tilby kulturopplevingar på garden. Plassen begrensar moglegheitene, men som utsalsstad er der plass til mange, understrekar Kultursjefen. Mangel på p-plassar er ei utfordring som må løysast.